



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhuset
Dato: 18.12.2025
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Kristin Førde	AP
Camilla Landro	AP
Frank Midtbø	AP
Herborg Hilde Eikeland	AP
Elisabeth Birkeland Hatlenes	H
Harry Gulestøl	H
Jorunn Petrine Frøyen	H
Stig Bakke	KrF
Henny Margrete Hansen	SP
Magne Ivar Kjerpeset	SP
Vibeke Kjerpeset Os	SP
Øyvind Heimtun	SP
Leo Husabø Holm Cirotzki	SV
Norvall Klungresæter	U
Evy Merete Myklebust	V
Jeanette Kristiansen Grotle	V
Svein Arne Torvanger	V
Svein Olav Senneset	V
Kjell Sørland	VIP
Kristin Andrea Svanøe Hjelle	VIP
Ole Marius Lien	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Nils Jørgen Sagebø	AP	Per Helge Eikeland	AP
Geir Magne Røys	V	Åge Senneset	V

Andre som møtte:

Anita Solberg
Gro Bakke Abildsnes
Hilde Jenssen Midtbø
Karl Vidar Førde
Magnhild Myklebust
Randi Ytrehus
Tom Joensen

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jorunn Petrine	25/12913	,	

Frøyen			
Elisabeth Birkeland Hatlenes	25/12632	,	
Elisabeth Birkeland Hatlenes	25/12946	,	
Elisabeth Birkeland Hatlenes	25/12954	,	

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
046/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/25	Orienteringssaker
048/25	Referatsaker
049/25	Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - ny slutthandsaming etter oppheving av planvedtak
050/25	Gebyrforskrifter for renovasjon og slamtøming for 2026
051/25	Søknad om støtte til glassgate i Svelgen sentrum
052/25	Budsjett 2026 - økonomiplan 2026-2029 - handsaming etter offentlig ettersyn
053/25	Vedtak om forskrift, skulerute 2026-2027
054/25	Revisjon av investeringsdelen til trafikktryggingsplanen, for perioden 2026 - 2029
055/25	Samarbeidsavtale for interkommunalt samarbeid mot akutt forureining, Nordfjordregionen
056/25	Rullering av kommunedelplan for fysisk aktivitet
057/25	Avvikling av Nordfjordsrådet og Samarbeid i Nordfjord (tidlegare ordning)
058/25	Nye samarbeid i Nordfjord
059/25	Vidareføring av Fjordane Interkommunal Politisk Råd (FIPR)
060/25	Deltaking i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på fagområdet eldre og avslutta arkiv
061/25	Prioritering av innkomne spelemiddelsøknader for 2026
062/25	Rapport frå forvaltningsrevisjon - Informasjonstryggleik

046/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 18.12.25 vert godkjende slik dei ligg føre.

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

Stig Bakke , Krf ønskjer å ta opp sak om ferja Isane-Stårheim. Utfordrande for pendlarar med mange innstilte avgangar. Vert handsama under sak 047/25 orienteringssaker.

KST- 046/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 18.12.25 vart godkjende slik dei låg føre, med tillegg av sak som skal handsamast under sak 047/25 orienteringssaker: ferje Isane -Stårheim.

047/25: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

Tilstandsrapport barneverntenesta i Bremanger kommune ved Tonje Mårstøl. Rapport ligg ved i saka.

Leo Cirotzki, SV stilte spørsmål meldingar kan komme attende fleire år - Mårstøl stadfesta at det kan dei.

Camilla Landro, Ap: 60 % saker går vidare til undersøking, kva skjer med dei 40% som ikkje gjer det. - Mårstøl informerte om at resterande 40% vert henlagde

Orientering frå ordførar:

- Oppfølging av økonomiske tiltak i Helse Førde - har hatt fleire dialog møter med Administrerende direktør i Helse Førde Arve Varden. Når det gjeld barsel på Nordfjord sjukehus ser det ut som ein kan få løyst det på ein tilfredsstillande måte. Kirurgi på Lærdal og Nordfjord sjukehus ser diverre ut til å bli redusert, samt nedlegging av hudavdeling i Florø. Kommunane gjer det dei kan i forsøk på påvikre til at skal konsekvensane for kutt tiltaka verte minst mogelege for innbyggjarar og tilsette. Framlegg for styret i Helse Førde, slik at endeleg avgjersle kjem i styremøte den 29 januar-26
- Rådsmøte i Region Fjordane 31.10 og 03.12.25 - tema høyring småkraftverk, viktig med samordna høyringssvar. 4. mars vert det felles fsk konferanse med dei andre

kommunane. Jobbar med strategiplan. Viktig å vere ein del av eit større regionråd som kan jobbe for området vårt, som ei motvekt til Bergen.

- KS Debattheft 2026. Tid for taktskifte. Nok arbeidskraft og kompetanse. Attraktive arbeidsgjevarar, viktig med trepartssamarbeidet. Handsamast i forsk møte 29.januar.
- Fagsamling Samfunn og Tryggleik 11-12.nov-25 med statsforvaltar. 2026 vil ha fleire beredskapsøvingar, både skrivebordsøvingar og øvingar med alle instansar.
- Eigarsamling SFE 24.11.25 - satsing og strategi. Har auka produksjon og store investeringar. SFE har levert gode resultat og 574 millionar i utbytte dei siste fem åra.
- Styremøte i OKOS 28.11.25 - har fått ny dagleg leiar frå 01.12.25, dette er Hege Hov frå Sande i Sunnfjord.
- Styret for Kystvegen AS 08.12.25 -. I år har ein brukt midlar til å styrke seg digitalt for å nå ut betre på digitale plattformer. Styret arbeider etter vedteken strategi for realisering av kystvegen Svelgen- Indrehus og brukryssing i ytre Nordfjord.
- Representasjon - har delteke på mange arrangement
- Reguleringsplan for Grotle - alle grunneigarane har skrive under avtale.

Ferje Stårheim - Isane

Stig Bakke, Krf, informerte om at ferjestrekninga har mange innstilte avgangar. Dette vert problematisk for dei som pendlar. Ber om at kommunen kjem med ei uttale om dette.

Ordførar: Kommunen sender uttale til Skyss, fylkesordførar, fylkesvaraordførar og samferdselsutval.

Per Helge Eikeland, Ap - elektrifisering av ferjestrekninga Stårheim - Isane, kommunestyret ønskjer orientering om dette.

KST- 047/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

048/25: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

- Adminstrasjonen må sørgje for at møteprotokollar frå Eldreråd, Råd for menneske

med funksjonsevne og ungdomsrådet vert lagt inn som referatsak til kst.

- Bremanger kontrollutval - Stig Bakke orienterte om møtet.
- Herborg Eikeland, Ap: mellombels gjenbruksstasjon i Svelgen har ein informasjon om dette ? Informasjon kjem i fisk i januar.

KST- 048/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitande.

049/25: Områderegulering Holmaneset, planid. 202301 - ny slutthandsaming etter oppheving av planvedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegnar og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.
2. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka
3. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak, foreslått av ,

Med fem mot to røyster:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegnar og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

2. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka

3. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

4. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet når det føreligg ein investeringsbeslutning frå tiltakshavar.

Alternativt framlegg frå delar av Ap, SV og VI, foreslått av Herborg Hilde Eikeland, Arbeiderpartiet

Grunna tapet av dei viktige naturverdiane ei godkjenning av områdeplanen vil kunne medføre, samt betydeleg usikkerheit knytt til ammoniakk som eit konkurransedyktig

alternativt drivstoff til skip, vert områdereguleringsplanen avvist.

Alternativ framlegg frå Svein Arne Torvanger, foreslått av Svein Arne Torvanger, Venstre

I tillegg til Formannskapet sitt vedtak leggst følgende punkt nr. 5 til.

I samband med tiltakshavar sitt arbeid med utgreiingar og kartleggingar i Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme, vil Bremanger Kommune krevje gjennom § 12 i Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene å utnytte overskuddsvarme at NVE set som vilkår at spillvarme skal utnyttast. Bremanger Kommune krev også at NVE set som vilkår at radius for kost-nytteanalysen skal ta i betraktning moglege etterspørselspunkter som vil ligge innanfor ein radius som minst inkluderar avstanden til Svelgen Sentrum, sidan påkrevd kost-nytteanalyse elles kun set krav til minst 2 km, med grunngjeving at kommunestyret delar NVE sitt standpunkt om at omfanget av kost-nytteanalysen skal stå i forhold til mengden anvendbar overskuddsvarme anlegget antas å ville ha.

I tillegg til pålagd skrifteleg dialog med kommunen i samband med kost-nytteanalyse i § 10 i Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene å utnytte overskuddsvarme, ber kommunestyret tiltakshavar presentere kost-nytteanalyse for kommunestyret før innsending til NVE.

Magnhild Myklebust, orienterte i saka.

Dette kom opp i saka:

- Leo Cirozki, SV stilde spørsmål om kven som har veka saka og korleis er det gjort ? Ikkje henta inn ny kunnskap, vurderingane er gjort opp mot lovverket. Ein har handsama saka på same måte som tilsvarende saker.
- Per-Helge Eikeland, Ap stilde spørsmål: Vil fakling påverke fuglane på Tennøya ? Fuglar tilpassar seg permanent støy. Vil ikkje vere belastande på fuglebestanden.
- Leo Cirozki, SV - meiner at saka er for dårleg utgreidd, ein har ikkje lagt fram alternativ til plassering
- Svein Arne Torvanger, V: det skulle vore lagt fram ei liste over kven som kan nytte overskotsvarme - dette er ikkje gjort
- Svein Olav Senneset. V: det er urimleg å seje fram krav om overskotsvarme på dette tidspunktet i saka
- Veit ein at det er framtid i hydrogenproduksjon , at ein kan nytte dette
- Samfunnsnytte både lokalt og regionalt, mange som har tru på hydrogenproduksjon

Nytt framlegg frå delar av AP, SV og VIP

Det vart røysta for formannskapet sitt framlegg opp mot framlegg frå delar av Ap, SV og VIP. Sju røysta for framlegget frå Ap, SV og VIP: Ap ved Herborg Eikeland og Per Helge Eikeland, SV ved Leo Cirozki, Venstre ved Svein Arne Torvanger, VIP ved Kjell Sørland, Kristin Hjelle og Ole Marius Lien.

Seksten røysta for framlegget frå Formannskapet: Ap ved Anne Kristin Førde, Frank Midtbø og Camilla Landro. Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Henny Hansen. Høgre ved Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Harry Gulestøl. Uavhengige ved Norvall Klungresæter. Krf. ved Stig Bakke. Venstre Svein Olav Sennset, Jeanette Kristiansen Grotle, Evy Merete Myklebust og Åge Senneset.

Framlegget frå delar av Ap, SV og VIP falt.

Tilleggsframlegg frå Svein Arne Torvanger, Venstre.

Det vart røysta for om tilleggsframlegget skulle leggst til i vedtaket.

Sju røysta for framlegget frå venstre : Ap ved Herborg Eikeland og Per Helge Eikeland, SV ved Leo Cirozki, Venstre ved Svein Arne Torvanger, VIP ved Kjell Sørland, Kristin Hjelle og Ole Marius Lien.

Seksten røysta for framlegget frå Formannskapet: Ap ved Anne Kristin Førde, Frank Midtbø

og Camilla Landro. Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Henny Hansen. Høgre ved Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Harry Gulestøl. Uavhengige ved Norvall Klungresæter. Krf. ved Stig Bakke. Venstre Svein Olav Sennset, Jeanette Kristiansen Grotle, Evy Merete Myklebust og Åge Senneset.

Tilleggsframlegget frå Svein-Arne Torvanger, V - falt.

Sju røysta for framlegget frå venstre : Ap ved Herborg Eikeland og Per Helge Eikeland, , Venstre ved Svein Arne Torvanger og Evy Merete Myklebust , VIP ved Kjell Sørland, Kristin Hjelte og Ole Marius Lien.

Seksten røysta for framlegget frå Formannskapet: Ap ved Anne Kristin Førde, Frank Midtbø og Camilla Landro. SV ved Leo Cirozki

Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Henny Hansen. Høgre ved Jorunn Frøyen, Elisabeth Hatlenes og Harry Gulestøl. Uavhengige ved Norvall Klungresæter. Krf. ved Stig Bakke. Venstre Svein Olav Sennset, Jeanette Kristiansen Grotle, Evy Merete Myklebust og Åge Senneset.

Framlegget frå Svein Arne Torvanger falt.

KST- 049/25 Vedtak:

Med 16 mot sju røyster:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegrer og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

2. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka

3. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

4. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet når det føreligg ein investeringsbeslutning frå tiltakshavar.

Formannskapet 04.12.2025:

Handsaming:

Forslag frå Nils-Jørgen Sagebø AP, foreslått av Nils Jørgen Sagebø, Arbeiderpartiet Kartlegginga av naturverdiane på Holmaneset slår fast at desse har stor nasjonal verdi og at ei utbygging som vist i planen vil ha stor negativ konsekvens. Det er òg stor lokal motstand mot tiltaket. I tillegg er det stor usikkerheit knytt til om tiltaket kan bli lønsamt då pris i marknaden for grøn ammoniakk er fleire gongar høgre enn for konvensjonelle og alternative drivstoff.

På bakgrunn av dette, tilrår formannskapet at områdereguleringsplanen vert avvist.

Tilleggs punkt ihht. ihht. KST sitt vedtak av 20.03.25, foreslått av Øyvind Heimtun, VenstreSenterpartiet

4. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet når det foreligg ein investeringsbeslutning frå tiltakshaver.

Ordførar informerte i saka.

- Magnhild Myklebust informerte om saksutgreiinga og vurderingar som er gjort etter møte med statsforvaltar.
- Når det gjeld biprodukt - så har ein vore i kontakt med aktørar - ikkje konkrete planar.
- Nils Jørgen Sagebø, Ap meiner at det som er lagt fram er for teoretisk og at hydrogen som produkt er for dyrt, det er ikkje berekraftig på sikt.
- Ordførar: Det er i føresegnene og rekkefølge krava sikra at ein ikkje får starte opp arbeid ved Holmaneset før løyver er på plass.
- Merknadar frå statsforvaltar er vurdert og svara ut.
- Naturtap er alvorleg, men klima er viktig.

Tilleggsframlegg frå Sp ved Øyvind Heimtun vart røysta over. Samrøystes at ein skal føye til eit pkt. 4: Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet når det føreligg ein investeringsbeslutning frå tiltakshavar.

Nytt framlegg til vedtak frå Nils Jørgen Sagebø, Ap.

Det vart røysta for framlegget frå kommunedirektør opp mot framlegget frå Sagebø.

Desse røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ap ved Anne Kristin Førde, Høgre ved Jorunn Frøyen, Venstre ved Evy Merete Myklebust, Uavhengig ved Norvall Klungresæter, Sp ved Øyvind Heimtun

Desse røysta for Sagebø sitt framlegg til vedtak:

Ap ved Nils Jørgen Sagebø, VIP ved Kjell Sørland

Med fem mot to røyster:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.
2. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka
3. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.
4. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktørar for å konkretisere moglegheiter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikk på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet når det føreligg ein investeringsbeslutning frå tiltakshavar.

FSK- 103/25 Vedtak:

Med fem mot to røyster:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Områderegulering for Holmaneset planid. 202301, planalternativ 2B med tilhøyrande føresegner og oppdaterte plandokument, blir vedteken i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

2. Tiltakshavar skal dekke meirkostnad som kommunen får knytt til behov for oppgradering av beredskapen i kommunen, jamfør avtale datert 12.03.2025, som ligg ved saka

3. Reguleringsplan for Holmaneset næringsområde, planid. 201001, blir oppheva.

4. Administrasjonen får i oppdrag å kontakte aktuelle samarbeidsaktører for å konkretisere muligheter for samarbeidsprosjekt på bruk av spillvarmen ved etablering av fabrikken på Holmaneset. Saka vert lagt fram for formannskapet når det føreligg ein investeringsbeslutning frå tiltakshavar.

050/25: Gebyrforskrifter for renovasjon og slamtøming for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

1. Framlegget til gebyrforskrift for renovasjon for 2026 vert godkjent i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 27/25, med ein auke i gebyrsatsane på 3,25 %.
2. Bremanger kommune godkjenner eit tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2026 på kr 100 pr abonnent for alle som har leveringsadresse i Bremanger kommune. Tilleggsgebyret skal dekke tiltak knytt til tidlegare avfallsplassar i kommunen.
3. Gebyrforskrift for slamtømming for 2026 vert godkjent med ein auke i gebyra på 3,25 % i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 28/25.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 04.12.2025

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

1. Framlegget til gebyrforskrift for renovasjon for 2026 vert godkjent i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 27/25, med ein auke i gebyrsatsane på 3,25 %.
2. Bremanger kommune godkjenner eit tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2026 på kr 100 pr abonnent for alle som har leveringsadresse i Bremanger kommune. Tilleggsgebyret skal dekke tiltak knytt til tidlegare avfallsplassar i kommunen.
3. Gebyrforskrift for slamtømming for 2026 vert godkjent med ein auke i gebyra på 3,25 % i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 28/25.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Jorunn Petrine Frøyen		

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

Jorunn Frøyen, H - gjekk frå som ugild i saka. Ho sit i styret i Nomil.

KST- 050/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Framlegget til gebyrforskrift for renovasjon for 2026 vert godkjent i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 27/25, med ein auke i gebyrsatsane på 3,25 %.

- 2. Bremanger kommune godkjenner eit tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2026 på kr 100 pr abonnent for alle som har leveringsadresse i Bremanger kommune. Tilleggsgebyret skal dekke tiltak knytt til tidlegare avfallsplassar i kommunen.**
- 3. Gebyrforskrift for slamtømming for 2026 vert godkjent med ein auke i gebyra på 3,25 % i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 28/25.**

Formannskapet 04.12.2025:

Handsaming:

Jorunn Frøyen gjekk frå som ugild, ho sit i styret i Nomil.

- Kommunen har mykje etterslep når det gjeld avlaup.
- Asplan Viak - ser på løysingar

FSK- 104/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak:

- 1. Framlegget til gebyrforskrift for renovasjon for 2026 vert godkjent i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 27/25, med ein auke i gebyrsatsane på 3,25 %.**
- 2. Bremanger kommune godkjenner eit tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2026 på kr 100 pr abonnent for alle som har leveringsadresse i Bremanger kommune. Tilleggsgebyret skal dekke tiltak knytt til tidlegare avfallsplassar i kommunen.**
- 3. Gebyrforskrift for slamtømming for 2026 vert godkjent med ein auke i gebyra på 3,25 % i samsvar med innstilling frå styret i Nordfjord Miljøverk IKS, sak 28/25.**

051/25: Søknad om støtte til glassgate i Svelgen sentrum

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kr. 1 000 000,- i støtte til Bu og Fritid AS/Svelgen Eigedom AS i samband med bygging av glassgate i Svelgen sentrum.

Belastning kto. 251 5032 – næringsfond.

2. Føresetnader for tilskotet:
 - a. At prosjektet er sikra fullfinansiering før utbetaling
 - b. At kommunen får høve til å gjennomføre naudsynt oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata før bygginga startar.
 - c. At kommunen vert sikra tilgang til VA-infrastrukturen gjennom ein tinglyst rett
 - d. At glasgata er tilgjengeleg for ålmenta
3. Kostnadar i samband med kommune si oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata vert å innarbeide i økonomiplanen.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 04.12.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. **Det vert løyvd kr. 1 000 000,- i støtte til Bu og Fritid AS/Svelgen Eigedom AS i samband med bygging av glasgate i Svelgen sentrum.
Belastning kto. 251 5032 – næringsfond.**
2. **Føresetnader for tilskotet:**
 1. **At prosjektet er sikra fullfinansiering før utbetaling**
 2. **At kommunen får høve til å gjennomføre naudsynt oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata før bygginga startar.**
 3. **At kommunen vert sikra tilgang til VA-infrastrukturen gjennom ein tinglyst rett**
 4. **At glasgata er tilgjengeleg for ålmenta**
3. **Kostnadar i samband med kommune si oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata vert å innarbeide i økonomiplanen.**

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

tilleggspunkt 5, foreslått av Elisabeth Birkeland Hatlenes, Høgre
Tidsavgrensing på 3 år.

Ordførar informerte i saka.

Harry Gulestøl, H: Ein bør setje ei tidsavgrensing i vedtaket.

KST- 051/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. **Det vert løyvd kr. 1 000 000,- i støtte til Bu og Fritid AS/Svelgen Eigedom AS i samband med bygging av glasgate i Svelgen sentrum.
Belastning kto. 251 5032 – næringsfond.**
2. **Føresetnader for tilskotet:**
 - a. **At prosjektet er sikra fullfinansiering før utbetaling**
 - b. **At kommunen får høve til å gjennomføre naudsynt oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata før bygginga startar.**
 - c. **At kommunen vert sikra tilgang til VA-infrastrukturen gjennom ein tinglyst rett**
 - d. **At glasgata er tilgjengeleg for ålmenta**
3. **Kostnadar i samband med kommune si oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata vert å innarbeide i økonomiplanen.**
4. **Tidsavgrensing på 3 år.**

Formannskapet 04.12.2025:

Handsaming:

Ordførar og kommunedirektør informerte i saka.

- Skal vere ein møteplass i sentrum
- Ein bør også sjå på "Rådhusplassen" på sikt.

FSK- 112/25 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. **Det vert løyvd kr. 1 000 000,- i støtte til Bu og Fritid AS/Svelgen Eigedom AS i samband med bygging av glasgate i Svelgen sentrum. Belastning kto. 251 5032 – næringsfond.**
2. **Føresetnader for tilskotet:**
 - a. **At prosjektet er sikra fullfinansiering før utbetaling**
 - b. **At kommunen får høve til å gjennomføre naudsynt oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata før bygginga startar.**
 - c. **At kommunen vert sikra tilgang til VA-infrastrukturen gjennom ein tinglyst rett**
 - d. **At glasgata er tilgjengeleg for ålmenta**
3. **Kostnadar i samband med kommune si oppgradering av VA-infrastruktur i grunnen under glasgata vert å innarbeide i økonomiplanen.**

052/25: Budsjett 2026 - økonomiplan 2026-2029 - handsaming etter offentlig ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Budsjett 2026 – økonomiplan 2026-2029 for Bremanger kommune vert vedteke som det ligg føre, med dei føringar og føresetnader for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.
2. Tabellar etter budsjettforskrifta § 5-4 (1A+1B), §5-5 (2A+2B) og § 5-6 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet.
3. Det vert godkjend låneopptak i 2026 på kr. 68 330 000,-, i samsvar med kommunelova § 14-15 første ledd.
4. Det vert godkjend låneopptak til vidareutlån i Husbanken på kr. 5 000 000,- i 2026.
5. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2026 slik det går

fram av budsjettdokumentet.

f. For eigedomsskatteåret skal det skrivast ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav a.

1. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11, første ledd.
2. Differensiert skattetak for eigedomar med sjølvstendig bustaddelar for skatteåret 2026 er 1 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Den same satsen skal leggjast til grunn for fritidsbustadar.
3. Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 250 000,- som skal trekkjast frå i takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 11, andre ledd.
4. Takstvedtak for eigedomsskatt i Bremanger vedteke i kommunestyret 20.12.2018, med tillegg av 10%, jf. vedtak om kontorjustering (KST-043/25)
5. Eigedomsskatten skal skrivast ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.
6. Siste alminneleg taksering vart gjennomført i 2016.
7. Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader, skal formuesgrunnlaget nyttast, jf. eigedomsskattelova § 8c-1.14.
8. For skatteåret 2026 skal følgjande unnatakast eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 7:
 1. Eigedom eigd av stifting eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
 2. Bygning som har verneklasse A – Fredingsverdi etter kulturminnelova eller eigedomar med kulturhistorisk verdi.
 3. Nyoppført bygning som heilt, eller delvis vert nytta som bustad vert gjeve fritak i to år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

- a. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11, første ledd.
- b. Differensiert skattetak for eigedomar med sjølvstendig bustaddelar for skatteåret 2026 er 1 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Den same satsen skal leggjast til grunn for fritidsbustadar.
- c. Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 250 000,- som skal trekkjast frå i takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 11, andre ledd.
- d. Takstvedtak for eigedomsskatt i Bremanger vedteke i kommunestyret 20.12.2018, med tillegg av 10%, jf. vedtak om kontorjustering (KST-043/25)
- e. Eigedomsskatten skal skrivast ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.
- f. Siste alminneleg taksering vart gjennomført i 2016.
- g. Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader, skal formuesgrunnlaget nyttast, jf. eigedomsskattelova § 8c-1.14.
- h. For skatteåret 2026 skal følgjande unnatakast eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 7:
 9. Eigedom eigd av stifting eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
 10. Bygning som har verneklasse A – Fredingsverdi etter kulturminnelova eller

eigedomar med kulturhistorisk verdi.

11. Nyoppført bygning som heilt, eller delvis vert nytta som bustad vert gjeve fritak i to år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

7. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele avsette midlar til sektoren i samband med resultat av tariffoppgjeret 2026.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 04.12.2025

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

- 1. Budsjett 2026 – økonomiplan 2026-2029 for Bremanger kommune vert vedteke som det ligg føre, med dei føringar og føresetnadar for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.**
 - 2. Tabellar etter budsjettforskrifta § 5-4 (1A+1B), §5-5 (2A+2B) og § 5-6 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet.**
 - 3. Det vert godkjend låneopptak i 2026 på kr. 68 330 000,-, i samsvar med kommunelova § 14-15 første ledd.**
 - 4. Det vert godkjend låneopptak til vidareutlån i Husbanken på kr. 5 000 000,- i 2026.**
 - 5. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2026 slik det går fram av budsjettdokumentet.**
- e. For eigedomsskatteåret skal det skrivast ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav a.**
- 1. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11, første ledd.**
 - 2. Differensiert skattetaks for eigedomar med sjølvstendig bustaddelar for skatteåret 2026 er 1 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Den same satsen skal leggjast til grunn for fritidsbustadar.**
 - 3. Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 250 000,- som skal trekkjast frå i takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 11, andre ledd.**
 - 4. Takstvedtak for eigedomsskatt i Bremanger vedteke i kommunestyret 20.12.2018, med tillegg av 10%, jf. vedtak om kontorjustering (KST-043/25)**
 - 5. Eigedomsskatten skal skrivast ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.**
 - 6. Siste alminneleg taksering vart gjennomført i 2016.**
 - 7. Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader, skal formuesgrunnlaget nyttast, jf. eigedomsskattelova § 8c-1.14.**
 - 8. For skatteåret 2026 skal følgjande unnatakast eigedomsskatt, jf.**

eigedomsskattelova § 7:

1. **Eigedom eigd av stifting eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.**
 2. **Bygning som har verneklasse A – Fredingsverdi etter kulturminnelova eller eigedomar med kulturhistorisk verdi.**
 3. **Nyoppført bygning som heilt, eller delvis vert nytta som bustad vert gjeve fritak i to år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.**
- a. **Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11, første ledd.**
 - b. **Differensiert skattetaks for eigedomar med sjølvstendig bustaddelar for skatteåret 2026 er 1 promille, jf. eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Den same satsen skal leggjast til grunn for fritidsbustadar.**
 - c. **Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 250 000,- som skal trekkjast frå i takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 11, andre ledd.**
 - d. **Takstvedtak for eigedomsskatt i Bremanger vedteke i kommunestyret 20.12.2018, med tillegg av 10%, jf. vedtak om kontorjustering (KST-043/25)**
 - e. **Eigedomsskatten skal skrivast ut i fire terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.**
 - f. **Siste alminneleg taksering vart gjennomført i 2016.**
 - g. **Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader, skal formuesgrunnlaget nyttast, jf. eigedomsskattelova § 8c-1.14.**
 - h. **For skatteåret 2026 skal følgjande unnatakast eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 7:**
 9. **Eigedom eigd av stifting eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.**
 10. **Bygning som har verneklasse A – Fredingsverdi etter kulturminnelova eller eigedomar med kulturhistorisk verdi.**
 11. **Nyoppført bygning som heilt, eller delvis vert nytta som bustad vert gjeve fritak i to år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.**
7. **Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele avsette midlar til sektoren i samband med resultat av tariffoppgjeret 2026.**

Verbalforslag:

Kommunestyret ber administrasjonen om :

- **å tydeleggjere i budsjettarbeid og rapportering om kva prosjekt som føl kommunen sin prosjektstyringsmodell.**
- **å tilrettelegge for ei meir oversikteleg og systematisk oppfølging av politiske fatta verbalvedtak**

Kommunestyret 18.12.2025:

Handsaming:

Felles framlegg frå dei fleste parti, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre Kommunestyret gjer følgjande justeringar i høve formannskapet si tilråding til investeringsbudsjett:

1) Svelgen Oppvekst:

Kommunestyret har eit sterkt ønskje om at det skal la seg gjere med ei full oppgradering av barneskulebygget samtidig som ein byggjer ny ungdomsskule.

Kommunestyret ber derfor om at ein i tillegg til ny ungdomsskule, riving av den gamle og delvis oppgradering av barneskulebygget, også legg inn ein opsjon på full oppgradering av barneskulebygget når ein går ut i marknaden og ber om tilbod på prosjektet.

Endeleg vedtak om omfang av oppgraderingar på barneskulebygget vert å kome attende til når pristilbod føreligg og kommunestyret skal fastsetje endeleg kostnadsramme for prosjektet.

2) Arbeidsplassar kultur/bibliotek

Kommunestyret meiner det er viktig å få på plass gode og framtidsretta lokale for kulturskule, bibliotek og frivilligsentral i Svelgen. Samtidig er det viktig at ein har best mogleg grunnlag for avgjerd i ei så viktig sak.

Når ein no planlegg store investeringar ved Svelgen Oppvekst, meiner kommunestyret det er naturleg å sjå nærare på eit alternativ der kontor og øvingsrom til kulturskulen vert lagt til det planlagde, nye ungdomsskulebygget. Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd teikningar og ein romplan som viser korleis dette kan gjerast.

Kommunestyret ber om at det parallelt vert kartlagt alternative løysingar for bibliotek og kontorplassar til frivilligsentralen, for det tilfelle at kulturskulen vert lagd til ungdomsskulebygget.

Kommunestyret ber om å få utarbeidd kalkylar som viser samla investeringsbehov for desse alternativa, som kan samanliknast med den føreslegne samlokaliseringa av tenestene ved Svelgen Samfunnshus, kostnadsrekna til 17,5 MNOK.

Endeleg val av løysing og kostnadsramme for investeringane vert å kome attende til når teikningar, romplan og oppdaterte kalkylar føreligg. Førebels vert det sett av 5 MNOK i 2026 og 12,5 MNOK i 2027 til prosjekt "Arbeidsplassar kultur/bibliotek".

Desse utgreiingane bør gjennomførast i første kvartal 2026, slik at ein kan følgje opp med nytt vedtak i samband med justert budsjett i juni.

3) Symjebassenget ved Hauge Oppvekst

Det vert løyvd 0,5 MNOK på investeringsbudsjettet for 2026 til vidare forstudium/forprosjekt knytt til reparasjon av bassenget på Hauge, der ein får avklart omfang, metode og plan for gjennomføring, samt henta inn prisar som grunnlag for ein oppdatert kalkyle.

Inntil ny kalkyle føreligg vert det lagt inn 6,5 MNOK i investeringsmidlar i 2027 til gjennomføring av reparasjonsarbeida. Endeleg investeringsbeløp og vedtak om gjennomføring blir å kome attende til når rapport frå forstudium/forprosjekt og oppdatert kalkyle føreligg.

Forstudiet/forprosjektet bør gjennomførast i første kvartal 2026, slik at ein kan følgje opp med nytt vedtak i samband med justert budsjett i juni.

4) Bustadfelt Bremanger kommune

Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ein plan for bruk av midlar sett av til bustadfelt i kommunen, der mellom anna neste steg i utviklinga av Bråtane bustadfelt i Ålfoten er med.

I tillegg ber Kommunestyret om følgjande:

- 1) Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide ein plan for etterbruk av kommunale bygg som i dag står tomme eller er lite i bruk, som til dømes Helsehuset på Davik og Kolset skule.
- 2) Kommunestyret ber om at administrasjonen i samband med budsjettarbeid og rapportering tydeleggjer kva prosjekt som følgjer kommunen sin prosjektstyringsmodell.
- 3) Kommunestyret ber administrasjonen legge til rette for meir systematisk oppfølging av politisk fatta verbalvedtak, gjerne etter modell frå Stad kommune.
- 4) Kommunestyret ber om at ein i 2026 startar budsjettarbeidet tidlegare på hausten og legg til rette for god og tidleg involvering av kommunestyret, jamfør prosessen som vart gjennomført hausten 2020.

Symjebasseng- innspel til investeringsbudsjett (H), foreslått av Jorunn Petrine Frøyen, Høgre
Kommunestyret vedtek å setje av kr 500 000 i investeringsbudsjettet for 2026 til ein forstudie knytt til symjebasseng-tilbodet i Bremanger kommune. Forstudien skal gje eit samla kunnskapsgrunnlag som omfatter alle dei 4 bassenga i kommune, eit godt grunnlag for den vidare strukturdebatten.

Alternativ 1: Vurdering av om vidare bruk og rehabilitering av eksisterande symjebasseng, gjennom målretta investeringar for å redusere driftskostnader, kan vere eit meir effektivt og berekraftig alternativ enn nybygg eller større strukturelle endringar.

Alternativ 2: Vurdering av framtidig eventuell ny struktur for symjebasseng-tilbodet, der det leggjast til grunn som mål at Bremanger kommune skal ha mål om minimum to symjebasseng, eitt i indre og eitt i ytre del av kommunen, av omsyn til lange avstandar og effektiv bruk

Framlegg frå Høgre, foreslått av Elisabeth Birkeland Hatlenes, Høgre
Kommunestyret gjer følgjande justeringar i høve formannskapet si tilråding til investeringsbudsjett:

1) Svelgen Oppvekst:

Kommunestyret har eit sterkt ønskje om at det skal la seg gjere med ei full oppgradering av barneskulebygget samtidig som ein byggjer ny ungdomsskule.

Kommunestyret ber derfor om at ein i tillegg til ny ungdomsskule, riving av den gamle og delvis oppgradering av barneskulebygget, også legg inn ein opsjon på full oppgradering av barneskulebygget når ein går ut i marknaden og ber om tilbod på prosjektet.

Endeleg vedtak om omfang av oppgraderingar på barneskulebygget vert å kome attende til når pristilbod føreligg og kommunestyret skal fastsetje endeleg kostnadsramme for prosjektet.

2) Arbeidsplassar kultur/bibliotek

Kommunestyret meiner det er viktig å få på plass gode og framtidsretta lokale for kulturskule, bibliotek og frivilligsentral i Svelgen. Samtidig er det viktig at ein har best mogleg grunnlag for avgjerd i ei så viktig sak.

Når ein no planlegg store investeringar ved Svelgen Oppvekst, meiner kommunestyret det er naturleg å sjå nærare på eit alternativ der kontor og øvingsrom til kulturskulen vert lagt til det planlagde, nye ungdomsskulebygget. Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd teikningar og ein romplan som viser korleis dette kan gjerast.

Kommunestyret ber om at det parallelt vert kartlagt alternative løysingar for bibliotek og kontorplassar til frivilligsentralen, for det tilfelle at kulturskulen vert lagd til ungdomsskulebygget.

Kommunestyret ber om å få utarbeidd kalkylar som viser samla investeringsbehov for desse alternativa, som kan samanliknast med den føreslegne samlokaliseringa av tenestene ved Svelgen Samfunnshus, kostnadsrekna til 17,5 MNOK.

Endeleg val av løysing og kostnadsramme for investeringane vert å kome attende til når teikningar, romplan og oppdaterte kalkylar føreligg. Førebels vert det sett av 5 MNOK i 2026 og 12,5 MNOK i 2027 til prosjekt "Arbeidsplassar kultur/bibliotek".

Desse utgreiingane bør gjennomførast i første kvartal 2026, slik at ein kan følgje opp med nytt vedtak i samband med justert budsjett i juni.

3) Symjebasseng

Kommunestyret vedtek å setje av kr 500 000 i investeringsbudsjettet for 2026 til ein forstudie knytt til symjebasseng-tilbodet i Bremanger kommune. Forstudien skal gje eit samla kunnskapsgrunnlag som omfatter alle dei 4 bassenga i kommune, eit godt grunnlag for den vidare strukturdebatten.

Alternativ 1: Vurdering av om vidare bruk og rehabilitering av eksisterande symjebasseng, gjennom målretta investeringar for å redusere driftskostnader, kan vere eit meir effektivt og berekraftig alternativ enn nybygg eller større strukturelle endringar.

Alternativ 2: Vurdering av framtidig eventuell ny struktur for symjebasseng-tilbodet, der det leggjast til grunn som mål at Bremanger kommune skal ha mål om minimum to symjebasseng, eitt i indre og eitt i ytre del av kommunen, av omsyn til lange avstandar og effektiv bruk

4) Bustadfelt Bremanger kommune

Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ein plan for bruk av midlar sett av til bustadfelt i kommunen, der mellom anna neste steg i utviklinga av Bråtane bustadfelt i Ålfoten er med.

I tillegg ber Kommunestyret om følgjande:

1) Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide ein plan for etterbruk av kommunale bygg som i dag står tomme eller er lite i bruk, som til dømes Helsehuset på Davik og Kolset skule.

2) Kommunestyret ber om at administrasjonen i samband med budsjettarbeid og rapportering tydeleggjer kva prosjekt som følgjer kommunen sin prosjektstyringsmodell.

3) Kommunestyret ber administrasjonen legge til rette for meir systematisk oppfølging av politisk fatta verbalvedtak, gjerne etter modell frå Stad kommune.

4) Kommunestyret ber om at ein i 2026 startar budsjettarbeidet tidlegare på hausten og legg til rette for god og tidleg involvering av kommunestyret, jamfør prosessen som vart gjennomført hausten 2020.

Orientering frå fagleiar kultur Raimund Hocklas og kommunalsjef Gro Bakke Abildsnes om kulturskulen i kommunen. Presentasjon lagt inn i saka.

Dette kom fram i saka:

- har prosessen i saka vore god nok
- ein må vurdere alternativa opp mot kvarandre, må gjerast grundig analyse
- Norvall Klungresæter, SV - effekt av plassering, norsk kulturråd vel kulturkommune kvart år. Suksessfaktor ligg i samlokalisering - synergieffekt. Dette er ein av grunnane for at ein vil plassere det slik - synergi med samfunnshuset.
-

Orientering av kommunedirektør

- Endring i gebyrregulativet, feiing og tilsyn, skal setjast ned med 18% - vert endra i budsjettet.
- drift vert det omlag som i år, litt auke på nokre av einingane.
- Litt auka overføringar.
- Litt mindre inntekt på kraft.
- må sjå på måltala
- ein ynskjer meir informasjon i Framsikt
- ein undrar seg på kvifor ein ikkje skal høyre på dei tilsette når det gjeld kultureininga
- bassenget på Hauge kan ikkje reparerast, her må ein mogleg bygge nytt
- kommunen har i dag ikkje ressursar til alle desse prosjekta, må leige inn eksterne

Det vart røysta for felles framlegg til vedtak foreslått av Sein Olav Senneset, V med tillegg av dei fleste andre partia i møtet. Framlegget er i tillegg til formannskapet sitt framlegg opp mot framlegg frå Elisabeth Hatlenes, H.

Desse røysta for Svein Olav Senneset/ formannskapet sitt framlegg til vedtak: Ap ved Anne Kristin Førde, Frank Midtbø og Camilla Landro, Herborg Eikeland og Per Helge Eikeland, SV ved Leo Cirozki. Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Vibeke Kjerpeset og Henny Hansen. VIP ved Kjell Sørland, Kristin Hjelle og Ole Marius Lien. Uavhengige ved Norvall Klungresæter. Krf. ved Stig Bakke. Venstre Svein Olav Senneset, Svein Arne Torvanger, Jeanette Kristiansen Grotle, Evy Merete Myklebust og Åge Senneset.

Desse røysta for Elisabeth Hatlenes stt framlegg til vedtak: Høgre ved Elisabeth Hatlenes, Jorunn Frøyen og Harry Gulestøl.

Framlegget frå Hatlenes fall med 20 mot 3 røyster.

Tilleggsframlegg frå Jorunn Frøyen , H. Det vart røysta for om det skal takast inn i vedtaket.

